



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 19.08.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Assisterande rådmann Olav Mongstad, kommunalsjef Torleiv Frotjold og avdelingsleiar Asbjørn Toft

Inhabil: Helge Dyrkolbotn Krf i sak 111/15. Ingen vara møtte.

Dato, 20.08.2015

Per Lerøy
ordfører

Olav Mongstad
assisterande rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
095/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
096/15	Godkjenning av møteprotokoll
097/15	Meldingar
098/15	Delegerte saker
099/15	Orienteringssak
100/15	Søknad om frådelling av to nausttomtar på gbnr. 158/12 på Lerøy- Dispensasjon
101/15	Vedtak - gbnr 148/110 - Åråsvågen - garasje - uthus - dispensasjon
102/15	Dispensasjon til bygging av nytt hus og garasje på gbnr. 158/8 og til deling av tilleggsareal til gbnr. 158/8 frå gbnr. 158/47 og gbnr. 158/2 på Lerøy
103/15	Klage på vedtak i delingsak på gbnr. 160/3 på Lauvøy
104/15	Klage på vedtak på dispensasjon til bygging av gangveg til naust på gbnr. 161/2 på Øksnes
105/15	Klage på vedtak vedrørende løyve til jordplassering på Gbnr. 129/3 på Litlås - Dispensasjonssak
106/15	Landbrukssak Gbnr 157/87 Bergsvik - jordlov - klagesak
107/15	Sak 15/201 - Dispensasjon gbnr 158/28 - Lerøy - tilbygg
108/15	Sak 14/1664 Byggesak gbnr 132/36 - Utkilen - bustad - klage
109/15	Innføring av adressebasert SMS og Telefonvarsling
110/15	Disponering av gåve frå Trond Mohn
111/15	Søknad frå Opplev Austrheim AS om tilskot/lån til næringsføremål
112/15	Vedtak - Områdeplan for Nordre Fønnesvågen - Planid. 2011002 - Godkjenning
113/15	Prinsippvedtak om oppløsning av Bergen og Omland Havnevesen
114/15	Sambandet Vest AS - Vidare drift av selskapet
115/15	Budsjettoppfølging juli 2015/Status likviditet

095/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 095/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

096/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 096/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

097/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om begge meldingane. Når det gjeld moloen: Formannskapet drøfta om området bør leggjast ut som friområde, utan å ta standpunkt i saka. Det føregår arbeid med ein reguleringsplan i området.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 097/15 Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

098/15: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 098/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitande.

099/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Orientering om vedlikehald Årås skule v/Torleiv Frotjold.
Orientering om status på Sentrumsparken v/ Olav Mongstad.

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

FS - 099/15 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

100/15: Søknad om frådelling av to nausttomtar på gbnr. 158/12 på Lerøy- Dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådelling og bygging av to naust på eigedom gnr. 158, bnr. 12 på Lerøy:

1. Vilkåret er at kvar av dei to nausttomtane frå tinglyst vegrett til nausttomtane sine og parkeringsrett ved omsøkt frådelt areal og løyve til bruk av eksisterande båtslipp.
2. Oppmålingsforretning vert gjort etter at kvart naust har fått bruksløyve/ferdigattest. Dette må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
3. Nausta skal berre brukast til lager for båt og fiskeutstyr, ikkje til overnatting eller varig opphald.
4. Ålmenta har rett til å opphalda seg omkring nausta og nytta strand- og sjøområdet her i bade- og friluftslivsamanheng heile året. Privatiserande tiltak i dette området skal ikkje førekoma.
5. Tilkomstvegar og stiar ned til strandarealet her skal vera open for ålmenn gangtrafikk.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 100/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådelling og bygging av to naust på eigedom gnr. 158, bnr. 12 på Lerøy:

1. Vilkåret er at kvar av dei to nausttomtane frå tinglyst vegrett til nausttomtane sine og parkeringsrett ved omsøkt frådelt areal og løyve til bruk av eksisterande båtslipp.
2. Oppmålingsforretning vert gjort etter at kvart naust har fått bruksløyve/ferdigattest. Dette må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
3. Nausta skal berre brukast til lager for båt og fiskeutstyr, ikkje til overnatting eller varig opphald.
4. Ålmenta har rett til å opphalda seg omkring nausta og nytta strand- og sjøområdet her i bade- og friluftslivsamanheng heile året. Privatiserande tiltak i dette området skal ikkje førekoma.
5. Tilkomstvegar og stiar ned til strandarealet her skal vera open for ålmenn gangtrafikk.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

101/15: Vedtak - gbnr 148/110 - Åråsvågen - garasje - uthus - dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 148 bnr 110, Åråsmarka:

Dispensasjon frå byggegrense mot nabo.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å plassere uthus og takoverbygg på gnr 148 bnr 110 nærare nabogrensa enn 4 m.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert å sende til Fylkesmannen i Hordaland for uttale.

Tiltaket:

Austrheim kommune gjev i medhald av Pbl §§ 21-4, 29-2 og 29-4 løyve på vilkår til omsøkte tiltak på gnr 148 bnr 110 i Åråsmarka hyttefelt. Jf motteken søknad etter § 20-2.

Løyvet omfattar:

- Det vert gjeve løyve til uthus som omsøkt
- Det vert gjeve løyve til garasje som omsøkt
- Det vert gjeve løyve til takoverbygg som omsøkt

Løyvet omfattar ikkje:

- Det vert **ikkje** gjeve løyve til leveggen

Vilkår for løyve:

- Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Det vart spurt om dei nye reglane for byggesaker. Det vart vist til at i reguleringsplanen står det at dei ikkje kan bygga andre ting enn garasje nærare enn 4 meter. Søknaden kom og inn før dei nye reglane starta å gjelda. Det ein søker om, må vera i tråd med vedteke plan, ellers må det søkjast om dispensasjon frå planen.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS - 101/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 148 bnr 110, Åråsmarka:

Dispensasjon frå byggegrense mot nabo.

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for Åråsmarka, PlanID 2002002, for å plassere uthus og takoverbygg på gnr 148 bnr 110 nærare nabogrensa enn 4 m.

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

Saka vert å sende til Fylkesmannen i Hordaland for uttale.

Tiltaket:

Austrheim kommune gjev i medhald av Pbl §§ 21-4, 29-2 og 29-4 løyve på vilkår til omsøkte tiltak på gnr 148 bnr 110 i Åråsmarka hyttefelt. Jf motteken søknad etter § 20-2.

Løyvet omfattar:

- Det vert gjeve løyve til uthus som omsøkt
- Det vert gjeve løyve til garasje som omsøkt
- Det vert gjeve løyve til takoverbygg som omsøkt

Løyvet omfattar ikkje:

- Det vert **ikkje** gjeve løyve til leveggen

Vilkår for løyve:

- Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast

Grunngjeving for vedtaket er gitt i saksutgreiinga.

102/15: Dispensasjon til bygging av nytt hus og garasje på gbnr. 158/8 og til deling av tilleggsareal til gbnr. 158/8 frå gbnr. 158/47 og gbnr. 158/2 på Lerøy

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling av tilleggsareal og bygging av nytt hus og garasje på bebygt og frådelt bustadeigedom gnr. 158, bnr. 8 på Lerøy:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilkomstvegar og stiar ned og i strandarealet her skal vera open for ålmenn gangtrafikk.
3. Den nye tilkomstvegen må halda krava som kommunen set i igangsettingsløyvet i forhold til beredskap m.m.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 102/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling av tilleggsareal og bygging av nytt hus og garasje på bebygt og frådelt bustadeigedom gnr. 158, bnr. 8 på Lerøy:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilkomstvegar og stiar ned og i strandarealet her skal vera open for ålmenn gangtrafikk.
3. Den nye tilkomstvegen må halda krava som kommunen set i igangsettingsløyvet i forhold til beredskap m.m.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

103/15: Klage på vedtak i delingsak på gbnr. 160/3 på Lauvøy

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune opprettheldt vedtak 078/15.
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Røysting: 4 for (Per Lerøy Ap, Reidar Øksnes Sp, Helge Dyrkolbotn Krf og Liv Ulvøy V)
1 mot (Ernst Stellberg H)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst.

FS - 103/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune opprettheldt vedtak 078/15.
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

104/15: Klage på vedtak på dispensasjon til bygging av gangveg til naust på gbnr. 161/2 på Øksnes

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune opphevar tidlegare vedtak i sak 085/15 og gjev dispensasjon til omsøkt gangveg til eksisterande naust på følgjande vilkår:

1. Gangvegen som skal vera smalare enn 2 meter og skal ikkje vera køyrbar for bilar.
2. Tilkomstvegar og stiar ned til og i strandarealet skal vere opne for ålmenn gangtrafikk.
3. Ved bygging av omsøkt tiltak skal det ikkje fyllast ut i sjø og sprenginga skal maksimum vera 5 meter langs strandsona. Det skal pyntast til med gråsteinsmurar der dette er naudsynt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 104/15 Vedtak:

Austrheim kommune opphevar tidlegare vedtak i sak 085/15 og gjev dispensasjon til omsøkt gangveg til eksisterande naust på følgjande vilkår:

1. Gangvegen som skal vera smalare enn 2 meter og skal ikkje vera køyrbar for bilar.
2. Tilkomstvegar og stiar ned til og i strandarealet skal vere opne for ålmenn gangtrafikk.
3. Ved bygging av omsøkt tiltak skal det ikkje fyllast ut i sjø og sprenginga skal maksimum vera 5 meter langs strandsona. Det skal pyntast til med gråsteinsmurar der dette er naudsynt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og forvaltingslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

105/15: Klage på vedtak vedrørende løyve til jordplassering på Gbnr. 129/3 på Litlås - Dispensasjonssak

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune opphevar vedtak gjort den 11.06, sak 080/15 på Litlås og gjer nytt vedtak i saka.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33.

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 30 dekar jordbruksareal og bygging av anleggsveg og voll som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå Mongstadområdet kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6. Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7. Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket. Omsyn til friluftslivet skal takast i samband med transport av massar til området.
8. All massetransport hit skal kun gå inn i dette landbruksområdet på anleggsvegen frå eigedom

med

gnr. 128/115 på austsida av Litlås fjellet. Køyning med massar på offentleg veg hit er ikkje i tråd med dette vedtaket.

9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig.

10. Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling, slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering knytt til de store industriutbygginga i Mongstadområdet må løysast på ein optimal måte. I denne saka er det og viktig at samfunnet unngår køyning på offentleg veg med massane. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 105/15 Vedtak:

Austrheim kommune opphevar vedtak gjort den 11.06, sak 080/15 på Litlås og gjer nytt vedtak i saka. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova si § 33.

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 30 dekar jordbruksareal og bygging av anleggsveg og voll som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2020.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå Mongstadområdet kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
6. Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
7. Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket. Omsyn til friluftslivet skal takast i samband med transport av massar til området.
8. All massetransport hit skal kun gå inn i dette landbruksområdet på anleggsvegen frå eigedom med gnr. 128/115 på austsida av Litlås fjellet. Køyning med massar på offentleg veg hit er ikkje i tråd med dette vedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig.
10. Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling, slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering knytt til de store industriutbygginga i Mongstadorrådet må løysast på ein optimal måte. I denne saka er det og viktig at samfunnet unngår køyring på offentleg veg med massane. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.
Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

106/15: Landbrukssak Gbnr 157/87 Bergsvik - jordlov - klagesak

Rådmannen sitt framlegg:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Vedtak i delegert vedtak dagsett 11.05.2015 vert stadfesta. Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33(2), jf. jordlova § 9.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 106/15 Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Vedtak i delegert vedtak dagsett 11.05.2015 vert stadfesta. Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33(2), jf. jordlova § 9.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

107/15: Sak 15/201 - Dispensasjon gbnr 158/28 - Lerøy - tilbygg

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til tilbygg/terrassehus på 20 m².

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør §§ 11-6 og 1-8, samt naturmangfaldslova

§§ 8-12.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 107/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til tilbygg/terrassehus på 20 m².

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør §§ 11-6 og 1-8, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

108/15: Sak 14/1664 Byggesak gbnr 132/36 - Utkilen - bustad - klage

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Gisle Utkilen til følgje.

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Atle Utkilen til følgje.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om rammeløyve av 12.05.2015.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Røysting: For 3 (Per Lerøy Ap, Reidar Øksnes SP, Helge Dyrkolbotn Krf)
Mot 2 (Ernst Stellberg H og Liv Ulvøy V)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster

FS - 108/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Gisle Utkilen til følgje.

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå Atle Utkilen til følgje.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om rammeløyve av 12.05.2015.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

109/15: Innføring av adressebasert SMS og Telefonvarsling

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune går til innkjøp av UMS varsling. Etableringskostnaden kr 27 500 vert delt mellom Beredskap k.nr 12400.600.3390 og Distribusjon av vatn k.nr 12400.600.3450.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 109/15 Vedtak:

Austrheim kommune går til innkjøp av UMS varsling. Etableringskostnaden kr 27 500 vert delt mellom Beredskap k.nr 12400.600.3390 og Distribusjon av vatn k.nr 12400.600.3450.

110/15: Disponering av gåve frå Trond Mohn

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommunestyre er takksam for gåva på 5 million kr. frå Trond Mohn. 1,3 million kr. av midlane vert nytta til å finansiera klubbhus. Rådmannen har mynde til å setja i gang fylgjande tiltak innanfor ei kostnadsramme på 2,2 million kr..
 - a. Toppdekke på grusbana på Kaland.
 - b. Reparasjon av ballbinge på Kaland
 - c. Ferdigstilling av området rundt klubbhuset, medrekna tribunar.
2. Utover dette har rådmannen mynde til å prioritera tiltak etter opplisting i brevet til Trond

Mohn og i dialog med AIL, for eventuelle resterende midlar av 2,2 mill og dei framtidige spelemidlane på tilsaman 1,5 mill kr. når dei vert utbetalt frå Hordaland Fylkeskommune.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå ordføraren: Austrheim kommunestyre er takksam for gåva på 5 million kr. frå Trond Mohn. 1,3 million kr. av midlane vert nytta til å finansiere klubbhus. Rådmannen har mynde til å setja i gang fylgjande tiltak innafor ei kostnadsramme på 2,2 million kr.

- a. Toppdekke på grusbana på Kaland.
- b. Reparasjon av ballbinge på Kaland.
- c. Ferdigstilling av området rundt klubbhuset, medrekna tribunar
- d. Utover dette har rådmann mynde til å prioritera tiltak etter opplisting i brevet til Trond Mohn og i dialog med AIL. for eventuelt resterende midlar av 2,2 mill og dei framtidige spelemidlane på tilsamen 1,5 mill kr., når dei vert utbetalt får Hordaland Fylkeskommune.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 110/15 Vedtak:

Framlegg frå ordføraren: Austrheim kommunestyre er takksam for gåva på 5 million kr. frå Trond Mohn. 1,3 million kr. av midlane vert nytta til å finansiere klubbhus. Rådmannen har mynde til å setja i gang fylgjande tiltak innafor ei kostnadsramme på 2,2 million kr.

- a. Toppdekke på grusbana på Kaland.
- b. Reparasjon av ballbinge på Kaland.
- c. Ferdigstilling av området rundt klubbhuset, medrekna tribunar
- d. Utover dette har rådmann mynde til å prioritera tiltak etter opplisting i brevet til Trond Mohn og i dialog med AIL. for eventuelt resterende midlar av 2,2 mill og dei framtidige spelemidlane på tilsamen 1,5 mill kr., når dei vert utbetalt får Hordaland Fylkeskommune.

111/15: Søknad frå Opplev Austrheim AS om tilskot/lån til næringsføremål

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 som tilskot og kr. 10.000,- som lån til Opplev Austrheim AS.

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 147001003250 som tilskot og kr. 10.000,- vert løyvd frå post 152001003250 som lån .

Kostnaden vert dekkja ved overføring frå post 14903 800 3250

Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Helge Dyrkolbotn Krf. sa seg inhabil i saka og trådde ut av møtet. Det var ingen vara for han.

Tilføyning frå ordføraren: Rådmann må sjå på betingelsane for lån og justere renta meir i tråd med marknadsrenta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med ordføraren si tilføyning vert samrøystes vedteke.

FS - 111/15 Vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 som tilskot og kr. 10.000,- som lån til Opplev Austrheim AS.

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 147001003250 som tilskot og kr. 10.000,- vert løyvd frå post 152001003250 som lån .

Kostnaden vert dekkja ved overføring frå post 14903 800 3250

Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet.

Rådmannen må sjå på betingelsane for lån og justere renta meir i tråd med marknadsrenta.

112/15: Vedtak - Områdeplan for Nordre Fønnesvågen - Planid. 2011002 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner Områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 slik den no ligg føre med reguleringsplankart datert 19.08. 2015 og reguleringsføresegner datert 10.08. 2015. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Helge Dyrkolbotn Krf. trådde innatt i møtet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

FS - 112/15 Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 slik den no ligg føre med reguleringsplankart datert 19.08. 2015 og reguleringsføresegner datert 10.08. 2015.

Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

113/15: Prinsippvedtak om oppløsning av Bergen og Omland Havnevesen

Rådmannen sitt framlegg:

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av fylgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b)Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendelar.
 - c)Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d)Havnerådet trekker eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e)Endeleg vedtak om oppløysing foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter at punkt 1 bokstav a til d er avklart.
2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemd som deltakar i BH IKS.
3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke, følgjande endringar:

I pkt. d. skal det vera Havnerådet **treffer** og i pkt. e skal det vere Endeleg vedtak om oppløysing **skal** foreleggjast.

FS - 113/15 Vedtak:

1. Bergen og Omland havnevesen(BOH) vert oppløyst. Eit framtidig vedtak om oppløysing er betinga av fylgjande føresetnader:
 - a) Minst 2/3 av medlemskommunane i BOH har beslutta at det ikkje skal fremjast eit krav på oppløysingsproveny på utover den andel dei respektive kommunar vil vidareføre i Bergen Hamn IKS(BH IKS).
 - b)Bergen kommune erklærer at det ligg føre ei avklaring som kommunen kan akseptere på høve mellom havnekapitalen og kommunen sine øvrige eigendelar.
 - c)Det ligg føre eit utkast til stiftingsdokumenter for BH IKS.
 - d)Havnerådet treffer eit ubetinga vedtak om oppløysing.
 - e)Endeleg vedtak om oppløysing skal foreleggjast samtlege medlemskommunar i BOH etter at punkt 1 bokstav a til d er avklart.
 2. Austrheim kommune ynskjer å vidareføre eigen havneverksemd som deltakar i BH IKS.
 3. Austrheim kommune vil ikkje gjere krav på anna proveny ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast som ein del av verksemda i BH IKS.
-

114/15: Sambandet Vest AS - Vidare drift av selskapet

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune bidrar med kr. 63.281,- per år i driftstilskot til sambandet Vest AS for åra 2015 – 2017. Totalt kr. 189.444,- for dei tre åra.
2. Kostnaden kr.63.281,- for 2015 vert dekkja ved tilleggsøyving frå post 15702 802 1903. Kostnaden for 2016 og 2017 vert innarbeida i budsjetta for desse åra.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til nytt pkt. 3 frå Reidar Øksnes, Sp.

3. Det er ein føresetnad at dette arbeidet ikkje er til hinder for prosjekta knytt til Nordhordlandspakken:

Framlegg til nytt pkt. 4 frå ordførar.

4. Austrheim oppfordrar styret til å ta opp arbeidet med å planlegga for ei oppgradering av Fv 565 frå Leivågskrysset til Soltveit.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med nye pkt. 3 og 4. vert samrøystes vedteke.

FS - 114/15 Vedtak:

1. Austrheim kommune bidrar med kr. 63.281,- per år i driftstilskot til sambandet Vest AS for åra 2015 – 2017. Totalt kr. 189.444,- for dei tre åra.
2. Kostnaden kr.63.281,- for 2015 vert dekkja ved tilleggsøyving frå post 15702 802 1903. Kostnaden for 2016 og 2017 vert innarbeida i budsjetta for desse åra.
3. Det er ein føresetnad at dette arbeidet ikkje er til hinder for prosjekta knytt til Nordhordlandspakken.
4. Austrheim oppfordrar styret til å ta opp arbeid med å planlegga for ei oppgradering av Fv 565 frå Leivågskrysset til Soltveit

115/15: Budsjettoppfølging juli 2015/Status likviditet

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringa om budsjettoppfølging for juli 2015 og status likviditet vert teke til til vitande.

19.08.2015 FORMANNSKAPET

Det vart delt ut ein del tabellar og grafar til økonomioversikta. Det vart levert ut månadsrapport. Status

på prosjekt "Kutt i drifta" vart gjennomgått.

Nytt framlegg til vedtak: Rådmannen må halda fram arbeidet med økonomistyringa for å redusere underskotet mest mogleg. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 115/15 Vedtak:

Rådmannen må halda fram med å redusere underskotet mest mogleg.
